

Fra: Liv Irene Mandt Lindvig [livirenelindvig@yahoo.no]
Sendt: 15. januar 2015 23:12
Til: Postmottak LMD
Emne: Høringsuttale konsesjonslova

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

Svar på høyring om konsesjonslova.

Nissedal Senterparti stiller seg bak Senterpartiet sentralt.

Regjeringa har sendt på høyring eit forslag om å fjerne boplikta og innføre fritt salg av landbrukseigendomar. Regjeringas forslag legg grunnlaget for at ein ny klasse skog- og jordeigerar kan vakse seg frem. s. Sp meiner det er viktig at eigendomspolitikken i landbruket moderniserast og tilpassast dagens landbruk, men at det ikkje går på bekostning av ein eigendomspolitikk som sikrar variert bruksstruktur og landbruk over heile landet.

Dersom konsesjonslova avviklast vil budsjettstøtte og målprisar bli vanskeleg og forsvare.

I Sverige hadde det sannsynlegvis ikkje vore noko landbruk om ikkje dei hadde EU's landbruksstøtte. I Danmark får ikkje bøndene lån etter fleire bankkonkursar som følge av unormalt høge jordprisar.

Ved å senke gevinstbeskaninga av landbrukseigendomar til 27%, aukar omsetninga av landbrukseigeindomar. Ved ei skattelette vil omsetninga stoppe opp.

Me er redde for at ein fullstendig fjerning av buplikt og konsesjonslova kan bidra til ein større spekulasjon om eigendom, og at ein på sikt kan miste det nasjonale eigarforholdet til våre naturressurser. Regjeringas forslag om fri prissetting, og å nekte kommunane å sei nei til salg som fritidseigendomar, vil føre til uoversiktleg eigarskap, med rike som eigarar.

Med vennleg helsing

Nissedal Senterparti

Leiar
Liv Irene Mandt Lindvig

Sendt fra min iPad